

Bergen, 13.12.1985
LG/GAa**MELDING FRA FISKERIDIREKTØREN**

J. 161/85

LISENS FOR FISKE I EF-SONA 1986.

Lisensordninga for EF-sona er den same som i tidlegare år. Det inneber at alle norske farty som

- fiskar ved Vest- og Aust-Grønland
- eller
- fiskar i EF-sona og som er større enn 200 bruttotonn

må ha lisens frå EF-kommisjonen.

Det er gjeldande ei overgangsordning slik at alle farty som har gyldig lisens for fiske i EF-sona ved utgangen av 1985 kan halde fram med fisket i EF-sona i januar, februar og mars 1986 dersom dei har lisensdokument for 1985 om bord.

Det er søkt om ny lisens for 1986 for alle farty som hadde lisens i 1985. For farty der det er endringar i namn, nr., eigedomstilhøve, tekniske data eller fiskeriet som blir dreve må det sendast inn ny lisens-søknad.

Ved søknad om ny lisens eller endringar av tidlegare utskreven lisens ber vi om at det vedlagde (./.) skjema blir innsendt til Fiskeridirektoratet.

REGISTRERING AV FARTY SOM ER 200 BRT ELLER MINDRE:

Fiske i Nordsjøen og vest for dei britiske øyane med farty som er 200 BRT eller mindre er altså ikkje lisenspliktig. Det er likevel semje mellom EF og Noreg om å utveksle lister over slike mindre farty, og desse fartya skal difor også fylle ut det vedlagde skjemaet og sende det til Fiskeridirektoratet.

Dei som tidlegare har sendt inn registreringsskjema treng ikkje sende inn slikt skjema på nytt dersom det ikkje ligg føre endringar. Fiskerisjefane i vedkommande fylke har opplysningar om kva farty som står på listene som er sende til EF.

SØKNADSSKJEMA FOR LISENS FOR FISKE I EF-SONA.

REGISTRERINGSSKJEMA FOR FARTY SOM ER 200 BRUTTOREGISTERTONN ELLER MINDRE.

1. Namnet på fartyet	
2. Registreringsnummer	
3. Registreringsstad	
4. Eigarens namn og adresse	
5. Bruttotonnasje	
6. Lengste lengde (meter)	
7. Motorstyrke (HK)	
8. Radiokallesignal	
9. Fiskereiskap	Not _____ Trål _____ Garn, line, snurrevad .. _____ Anna reiskap _____
10. Fiskeområde	Nordsjøen .. (ICES IIa, IV) _____ Vest av 4 ⁰ V og Kanalen (ICES VI, VII) _____
11. Fiskeslag	<u>Pelagisk fisk</u> (makrell, . sild, brisling, kolmule _____ <u>Industrifisk</u> , (øyepål, tobis, kolmule, brisling makrell)..... _____ <u>Botnfisk</u> (torsk, hyse, sei, hvitting, rødspette) _____ <u>Lange</u> , blålange, brosme. _____ <u>Pigghå</u> , brugde, håbrann _____ <u>Reke</u> _____

.....
Dato.....
Underskrift